



Hjelmeland

Referat frå styremøte i Bygdekvinnelaget 08.01.24 hos Palma.

Til stades: Palma Ommundsen, Kirsti Flatø, Kirsten Langvik, Janneke Wijergangs, Bente Riskedal og Margrete Tytlandsvik, ref.

Programmet for våren 2024:

Torsdag 15.02 «Langvarig uforklarleg utmatting – forståing og behandling»

På Spinneriet kl. 19.30

Kommuneoverlege Tarjei Tørre Asprusten.

Servering. Gratis.

(Styret møter på Spinneriet kl. 18.00, Palma er forhindra. Matkomite: Kirsten, Brit, Bente og Margrete, påsmurt. Margrete tar med kaffi og eingongsutstyr. Frivilligsentralen vil stilla opp med lydanlegget, Margrete kjøper laksepakke hos Mikal Laks og hentar nøkkeltort)

Måndagar 04.03, 11.03 og 18.03 Bakekurs

På Fister skule kl. 19.00

Kurshaldar Aud Torunn Eide

Påmeldingsfrist 26.02 til Kirsti Flatø, tlf. 45517314, e-post kirstiflato@gmail.com

Pris: kr. 300 for medlem, kr. 500 for ikkje-medlem

Maks 10 deltakarar

15-16.03 Årsmøte Rogaland bygdekvinnelag

På Byrkjaldstunet. Program og påmelding kjem seinare.

Hjelmeland kan senda 3 utsendingar med stemmerett, kor mange ein vil utan.

Det er føreløpig sett opp Palma, Kirsti, Kirsten, Janneke.

Onsdag 20.03 Påskemøte

På Spinneriet kl. 19.00

Liv Vadla Hausken lagar påskedekorasjonar som vert lodda ut.

Servering, eigen matkomite

(Palma har kontroll på den)

Fredag 21.06 Kurs i sponkorgfletting

Informasjon kjem seinare

Laurdag 29.06 Busstur saman med Frivilligsentralen til Finnøy og Talgje

Sjå plakaten

